



Referat frå kommunemøte torsdag 7. mai

Tema: Koronaberedskap

Deltakarar: Kommunane, Fylkesmannen, helseføretaka, fylkeskommunen, Sivilforsvaret og KS

Ikkje til stades: Austevoll, Fedje, Høyanger, Sveio og Helse Fonna

1. Informasjonspunkt

Neste møte

Nytt telefonmøte med kommunane vert førstkomande torsdag 14. april kl. 13.30. Av praktiske årsaker ber vi kommunane om å ringe/kople seg opp i møtet seinast klokka 13.15.

Ferieavvikling vil vere eit av temaa på møtet. Viss de har spørsmål knytt til det, er det fint om de sender dei inn i god tid før møtet.

Nasjonalt register over helsepersonell

Helsedirektoratet minner om det nasjonale registeret der ledig helsepersonell har meldt seg. Alle kommunar kan søke om å få tilgang. Der kan kommunen få oversikt over tilgjengeleg personell i sitt område, inkludert kontaktinformasjon. Her finn de meir informasjon om registeret:

<https://www.helsedirektoratet.no/veiledere/koronavirus/kapasitet-i-helsetjenesten/registrering-og-formidling-av-ledig-helsepersonell>

Helse Bergen har eit tilsvarande register som blitt presentert tidlegare.

Vidareformidling av informasjon

Det er viktig at informasjonen frå desse møta vert vidareformidla til relevante personar i kommunane.

Evaluering

Sjølv om vi no har begynt å opne samfunnet igjen, er det viktig å hugse at vi framleis står midt i det som truleg er den mest krevjande krisehendinga i Noreg sidan krigen. Det er viktig at denne litt rolegare perioden vert nytta godt, og at vi ikkje slepp taket.

For å fange opp dei erfaringane vi har gjort oss dei siste månadene, og førebu oss på nye moglege smittetopper og vidare handtering, planlegg Fylkesmannen å gjennomføre ei førebels evaluering. Vi vil neste veke kome tilbake med informasjon om kva vi tenkjer å evaluere og korleis vi tenkjer å gjere det.

3. Camping - nasjonal standard

Folkehelseinstituttet (FHI) seier at dei vil vurdere å utarbeide eigne råd for ivaretaking av smittevern på typiske utfartsstadar når sommaren nærmar seg.

NHO har publisert ein bransjestandard for campingplassar. Denne er tilgjengeleg

her: <https://www.nhoreiseliv.no/contentassets/52c9831df65148c7a7b1ed442283bba2/nho-reiseliv-bransjenorm-smitteverntiltak-ved-campingplasser-30-april-2020--web.pdf>

Helsedirektoratet og FHI har gitt oss ei tilbakemelding om at det truleg ikkje er ein god ide å stenge sanitæranlegg og campingplassar. Det vil vere mange nordmenn på ferie innanlands i år. Ved å stenge campingplassar, eller ikkje tillate opphald for folk som campar utan eigne sanitærfasilitetar (i bubil eller



campingvogn), vil det truleg verte større press på utmarksområde utan sanitæranlegg og avfallshandtering. Det vil da vere betre å leggje til rette for å gjennomføre gode smitteverntiltak på campingplassar og ved sanitæranlegg. Det er viktig å leggje til rette for at både folk som betener staden og dei som nyttar fasilitetane, kan halde nødvendig avstand og at dei har høve til å utføre god handhygiene.

For å sikre likebehandling, og for å hindre at turistar vert forskyvde som følgje av ulik praktisering, tilrår vi at kommunane i Vestland legg seg på ei mest mogleg lik linje. Ulike føresetnadar knytt til ulike verksemdar vil sjølvstundt gi nokre skilnader, men vi ser det som ønskeleg at kommunane legg seg på ei mest mogleg lik linje.

Vi ønsker å understreke at det er viktig at den enkelte campingplass utformar eigne rutinar og reglar for gjestene si åtferd under opphaldet. Dei må tilpassast den enkelte plassen, men må samstundes følgje føringar i forskrifter og tilrådingar frå nasjonale og lokale styresmakter.

På møtet vart rettleiaren som Fylkesmannen i Vestfold og Telemark har laga for campingplassar og gjestehamner diskutert. De finn den her: <https://www.fylkesmannen.no/globalassets/fm-vestfold-og-telemark/helse-omsorg-og-sosial/2020-samlemappe/campingplass---gjestehavn---veileder-for-smittevern---covid-19.pdf>

Erfaringar frå Stad kommune v/kommuneoverlege Thomas Vingen Vedeld

Vingen fortalte om deira utfordringar kring situasjonen med stengde campingplassar og aukande turisme. Stad kommune opplevde at det var gitt uklare rammer kring drifta av campingplassar, og at det var variasjonar mellom kommunane i korleis dei vart tolka. Det var venta auka utfart i samband med påske. Næringa var usikre på korleis dei skulle handtere dette og kontakta kommunen. Stad kommune valde å innføre eit lokalt vedtak om avgrensa drift av campingplassar 31. mars. Det var då berre lov å overnatte i hytter og tilsvarande med eige sanitæranlegg.

Etter dette har samfunnet gradvis opna opp att, utan at det har kome klare nasjonale føringar for campingplassar. Det har vore ein auke i turisttilstrøyminga, og i samband med det så har det kome uromeldingar frå lokalt hald. Utfordringa er at teltarar og bilcamparar ikkje har tilgang til sanitæranlegg. Mange stader i kommunen er campingplassane nesten einaste offentlege toalett.

Grunna dei uheldige effektane av stengde campingplassar ønskte kommunen å opne for meir vanleg campingdrift, i dialog med næringa. Kommunen oppheva 30. april det lokale vedtaket og utforma i staden retningslinjer for campingplassar. Dei vart sendt ut til verksemdene og publisert på heimesida til kommunen. Dette var for å sikre at naudsynt smittevern vert ivareteke, og for å få til ein mest mogleg lik praksis hjå dei ulike verksemdene.

Kommunen har gjennom heile prosessen hatt god dialog med næringa, og har etter dei nye retningslinjene vart innført bidrege med rettleiing overfor campingplassane.

Stad kommune sine retningslinjer for camping er tilgjengeleg her: <https://stad.kommune.no/tenester/helse-og-omsorg/legeteneste/informasjon-korona/vedtak-karantenerreglar-testing-av-koronasmitte/retningslinjer-for-vidare-drift-pa-campingplassane-i-stad-kommune-fra-29-04-2020.4721.aspx>



4. Skule og barnehage

Utdanningsdirektør Anne Hjermann understreka at kommunane må ta kontakt viss dei har spørsmål. Det vert gjort ei vurdering fortløpande om spørsmåla vert svart ut direkte til kommunen, eller svart ut i plenum i kommunemøta.

Kompensasjon for ekstraordinære utgifter og tilskot – private barnehagar

Fylkesmannen får mange spørsmål knytt til emnet kompensasjon til barnehagar for meirkostnadar (smittevernomsyn), rekneskap for 2020 og forskrifta om tilskot til ikkje kommunale barnehagar.

Fylkesmannen har meldt problemstillinga til Utdanningsdirektoratet. Vi informerer om avklaringar så snart vi får svar.

Tilgang til skulehelsetenester for elevar som etter retningslinene ikkje kan få undervisning på skulen

Problemstillinga gjeld på den eine sida kommunen sitt tilbod om skulehelseteneste. Dinest om korleis skular kan legge til rette for at alle elevar, ikkje berre dei som får undervisninga si i skulen sine bygg, kan ha tilgang til helsetenester. Utdanningsavdelinga og helse-, sosial og barnevernsavdelinga samarbeider om ei utgreiing av problemstillinga til bruk for kommunane.

5. Oppretthalde beredskap og gjenopne tenester

I tida som kjem vil det vere viktig å balansere mellom å oppretthalde beredskap og samstundes gjenopne tenester. Samstundes vil ein òg måtte legge til rette for auka testkapasitet og ferieavvikling.

Erfaringar frå Sogndal v/kommuneoverlege Leiv Erik Husabø

Sogndal er ein nyleg samanslegen kommune med om lag 12 000 innbyggjarar. Kommunen har tre sjukeheimar og tre helsesenter. Kommunen har hatt fem personar som var smitta av covid-19, ingen av dei vart alvorleg sjuke og alle er i dag friskmeldte. Det har blitt utført ein del testing på bebuarar og tilsette på sjukeheimane, men kommunen har så langt ikkje hatt smitte inne på nokon av institusjonane.

Kommunen følgde dei nasjonale tilrådingane og stengte ned deler av verksemda, og la om tenestene der det var nødvendig. Tiltaka som vart satt i verk var mellom anna å bygge opp testkapasitet i telt, planlegge kohortavdeling på sjukeheim, opprette koronatelefon og følgje bemanningssituasjonen tett.

Kommunen bestemte seg for å stenge ned alle gruppetiltaka i helse og omsorg. Dei har no starta prosessen med å gjenopne desse. Kommuneoverlegen ser det som krevjande at det er pasientane i risikogrupper som har lidd mest under nedstigninga, samstundes som det er dei som i størst grad bør skjermast. Det er bestemt å starte gjenopptakinga av gruppetilbodet der det er få i risikogrupper for alvorleg sjukdom. Desse tilboda omfattar mellom anna Frisklivssentralen, psykiatri og aktivitetstilbod for utviklingshemma. Kommunen vurderer å opne eit tilpassa dagtilbod til demente med særleg behov. Det vil truleg vere ein lita stund til dei startar med dagtilbod for eldre, ettersom tilboda ligg i tilknytning til sjukeheimane. Det vil bli gjort i vurdering i løpet av mai.

Sidan det har vore lite smitte i kommunen har dei nasjonale tiltaka blitt oppfatta som om dei har bydd på meir ulempe enn nytte. Kommunen har likevel opplevd at folk har vore lojale.

Kommuneoverlegen opplever at helsetenesta har fått mykje støtte frå ulike deler av kommunen for å støtte drifta. Arbeidet og «dugnadsinnsatsen» knytt til korona har bidrege som ein «boost» til å bygge opp den nye organisasjonen, og har ført til å utvikle helsetenesta og kommunen på ein positiv måte.



Erfaringar frå Øygarden v/kommuneoverlege Stein Inge Stigen

Øygarden kommune har gjennomført ca. 1300 covid-19 testar (54 positive). I dag er 53 av dei smitta friskmeldte. Kommunen er framleis i beredskap, og har annakvar dag telefonkontakt med dei som er i isolasjon og karantene.

Det er oppretta ein koronaklinikk med plass til elleve personar, som kan utvidast ved behov. Kommunen ser på moglegheita for å samarbeide med andre kommunar om dette tilbodet, og er i dialog med ein annan kommune om det. Det er oppretta ein testkapasitet på ca. 2000 prøvar i veka dersom det vert nødvendig.

Kommunen har gjennom heile perioden prøvd å ivareta eit tilbod for dei mest sårbare gruppene. Det ordinære tilbodet har vore redusert og tilpassa situasjonen. Nokre døme på tiltak i kommunen:

- Tilpassa tilbod til dei 170 brukarane av kommunens rusteam, der mat og medisinar er køyrt heim til brukarane.
- Psykisk utviklingshemma har vanlegvis eit dagsentertilbod. Dagsenteret har hatt redusert tilbod i perioden og brukarane har blitt fordelt ut over ulike dagar. Dei dagane dei ikkje har fått vore på dagsenteret har det vore merksemd på aktivitet i heimen.
- Helsestasjonen har gjennomført nødvendige kontrollar. Helsesjukepleiar har hatt kontakt med dei som har behov for det.
- Skulehelsetenesta har vore stengt, men opnar gradvis i takt med skuleopninga.
- Jordmordstenesta har gått som normalt. Det er oppretta eit eige kontor der ein kan følgje opp pasientar som er smitta.
- I bufellesskap har dei tilsette hatt lengre vakter enn vanleg, slik at bebuarane har færre personar å forhalda seg til.

Kommunen har i all hovudsak ikkje opplevd særlege utfordringar med den gradvise opninga av samfunnet. Kommunen har gjennom heile perioden sytt for å ha eit tilbod til dei som har størst behov. Tilbodet har vore redusert og kapasiteten har vore fordelt på brukarane etter behov.

6. Endring i diagnosekode for covid-19 i ICPC2

I mars 2020 vart det introdusert ny ICPC-2 kode til bruk i overvaking av covid-19-utbrotet i primærhelsetenesta. Erfaringane med koden er at det er ønskeleg å skilje mellom stadfesta og mistenkte tilfelle. Det har difor blitt gjennomført ei oppdatering av kodane. Endringa trådte i kraft måndag 4. mai.

Fylkesmannen sendte med førre referat (måndag 4. mai) ut informasjon om dette, i tillegg til eit oppdrag til kommunane om å vidareformidle informasjon til legevakslegar og fastlegar. Vi ber kommunane snarast vidareformidle informasjonen, vis det ikkje allereie er gjort.

For meir informasjon sjå her: <https://www.helsedirektoratet.no/nyheter/bredt-samarbeid-om-ny-diagnosekode-for-bekreftet-koronasmitte>

7. Koronavirus modellering

Frå onsdag 6. mai vil FHI med jamne mellomrom køyre ein modell som simulerer spreiding av covid-19-epidimien i fylka.



Modelleringa vil bli publisert nedst på denne sida: <https://www.fhi.no/sv/smittsomme-sykdommer/corona/koronavirus-modellering/>

8. Informasjon om smittevernutstyr

Ny fordelingsnøkkel for nasjonal fordeling av smittevernutstyr

Det er gjort endringar i fordelingsnøkkelen for tildeling av smittevernutstyr frå det nasjonale innkjøpet. Føretaka får som tidlegare tildelt 70 prosent, 10 prosent er framleis sett av til det nasjonale beredskapslageret og 20 prosent går framleis til kommunane. I fordelinga mellom fylka vert 60 prosent fordelt etter folketal, medan dei siste 40 prosent vert fordelt etter smittetal meldt i MSIS veka før.

I samråd med samhandlingsutvala med ansvar for forsyning (føretaka og kommunane), har Fylkesmannen bestemt at alt utstyr til kommunane i fylket framleis skal fordelast etter folketal.

Endringar i innmeldingsløysinga for smittevernutstyr i Altinn

Helsedirektoratet har etter tilbakemeldingar tatt ut kategorien "Kirurgiske munnbind med visir" frå Altinn-rapporteringa. Det vart bestemt med bakgrunn i at det ikkje er, eller har vore, noko til fordeling av denne utstyrskategorien frå det nasjonale lageret. Kategoriane "Kirurgiske munnbind" og "Øyebeskyttelse: Visir og briller" vil framleis vere inkludert i rapporteringa.

Oppfølging frå kartlegging av behov for testing av smittevernutstyr

Vi ønskjer å takke alle kommunane som svarte på kartlegginga om behov for testing av munnbind og anderettsvern som kommunane har kjøpt inn sjølv. Kartlegginga er sendt vidare til Forsvarets Forskingsinstitutt (FFI), som vurderer eventuell oppskalering av testkapasitet. Dersom kommunane i fortsetjinga ser behov for testing av utstyr dei har, ber vi at de sender ein e-post til Fylkesmannen. Då kan vi vidareformidle det til FFI.

9. Nytt oppdrag: Kartlegging av kapasitet til gjenbruk av stellefrakkar

Helsedirektoratet har bedt Fylkesmannen kartlegge kapasitet for gjenbruk av stellefrakkar. Frist for kommunane å svare er måndag 11. mai kl. 09.00.

Bakgrunnen for kartlegginga er at det er sett i gang nasjonal produksjon av fleirbruks stellefrakkar. Fyrste leveranse av frakkar er forventa klar til fordeling og distribusjon i løpet av dei komande vekene. For å sikre at frakkane vert distribuert til kommunar som har tilrettelagt for gjenbruk av denne type utstyr, treng Helsedirektoratet oversikt over gjenbrukskapasitet i kommunane.

Vi har fått spørsmål frå fleire kommunar om frakkane som vert produsert i den nasjonale produksjonen møter krava til smittevernfrakkar. Vi har fått stadfesta frå Sykehusinnkjøp at dette er frakkar i bomull/polyester med lange ermer og mansjett som oppfyller standarden til smittefrakkar NS-EN 3344, men nokre avviker i farge (kvit i staden for gul)

Sjå elles <https://www.helse-sorost.no/beredskap-korona/utstyr#flere-nye-avtaler-om-norske-produksjon-av-smittevern-utstyr-24042020> for meir informasjon om nasjonalt produksjon av smittevernutstyr.



10. Vurdering av besøksstans og sosial isolering under covid-19 pandemien

På oppdrag frå Helse- og omsorgsdepartementet har Helsedirektoratet vurdert korleis brukarar kan få eit dagtilbod, og bebuarar og pasientar i helse- og omsorgsinstitusjonar kan få besøk under covid-19 pandemien. Helsedirektoratet har vidare fått i oppdrag å lage ein rettleiar for korleis tilrådingane kan følgjast opp ute i sektoren.

De kan lese meir om oppdraget her: <https://www.helsedirektoratet.no/nyheter/vurdering-av-besoksstans-og-sosial-isolering-under-covid-19-pandemien>

Det er ein vanskeleg balansegang mellom det å gje dei eldre eit godt liv på helse- og omsorgsinstitusjonane og det å beskytte dei mot smitte. Det er vanskeleg å seie heilt konkret kvar balansepunktet er. Det er ein stor risiko viss denne gruppa ikkje vert beskytta. På den andre sida vil livskvaliteten deira bli kraftig redusert ved langvarig isolasjon.

Vi fekk spørsmål om føringane for sjukeheim òg gjeld for bustader med heildøgns pleie. Hovudpoenget er å avgrense smitte til risikogrupper. Samstundes er det ein vesentleg forskjell at brukarane eig sin eigen bustad i desse tilboda, noko som har betydning for kva restriksjonar som kan leggast ned.

11. Fylkesmannens tilsyn med Metodisthjemmet

Rapporten etter tilsynet med Metodisthjemmet er publisert. Fylkesmannen har konkludert med at institusjonen har gjort det som kunne forventast av dei innanfor rammeverket. Det er likevel mange forbettringspunkt i og utanfor sjukeheimen.

Rapporten kan lesast på Fylkesmannen si heimeside: <https://www.fylkesmannen.no/vestland/helse-omsorg-og-sosialtenester/smittevern/metodisthjemmet-har-drive-forsvarleg-ut-fra-situasjonen/>

12. Deltakarliste ved gudsteneste ol.

I rettleiaren frå kyrkja er det ikkje krav til å føre deltakarliste, slik det er ved andre arrangement på offentleg sted etter retningsliner frå FHI, og denne vurderinga er gjort i samråd med Barne- og familiedepartementet. Helsedirektoratet har sagt at dei vil kome med oppdatert informasjon om temaet. Å krevje slik oversikt vil kunne vere i strid med retten til fri religionsutøving og personvern.

13. Smitteoppsporing

FHI har i dag (8. mai) oppdatert sin definisjon av nærkontakt frå kontakt 24 timar før symptomdebut til kontakt 48 timar før symptomdebut.

Oppdatert informasjon er tilgjengeleg her:

<https://www.fhi.no/nettpub/coronavirus/helsepersonell/definisjoner-av-mistenkte-og-bekreftede-tilfeller-med-koronavirus-coronavir/>